

**KOMMUNAL PLANSTRATEGI
FOR
VINJE KOMMUNE**

2020-2023



INNHOOLD

Innhold	2
1. Bakgrunn og formål.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Formålet med planstrategi.....	3
2. Planoversikt.....	5
3. Planstrategien	8
3.1 Tilhøvet mellom planstrategi og kommunale planar	8
3.2 Rammer for planlegginga	9
4. Utfordringar i kommunen – 2 hovudutfordringar	10
4.1 Klima, miljø og klimatilpassing.....	11
4.2 Folketalsutvikling.....	11
5. Status, drøfting og prioritering av planar og planbehov	12
6. Kjelder og referansar	13
7. Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.....	14

1. BAKGRUNN OG FORMÅL

1.1 BAKGRUNN

Den førre planstrategien, frå 2016-2019, blei vedteken av kommunestyret i 2016. Denne planstrategien skal no reviderast.

Gjennom den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis, eller bli vidareført utan endringar. Kommunestyret må og ta stilling til om det er behov for revisjon av andre planar i valperioden 2020-2023.

Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast etter behov innafor valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar skal innhentast og saman med dei sektorvise innspela frå kommunens tenesteleiarar dannar dette grunnlaget for Vinje kommune sin planstrategi.

Nye mål og strategiar for kommunen vert ikkje vedtekne i kommunal planstrategi, men blir teke opp i kommuneplanen for Vinje. Formannskapet har vedteke hovudmåla i samfunnsdelen. Det er **Ein god stad og vera for alle, Med naturen som ressurs og Kompetansekommunen.**

1.2 FORMÅLET MED PLANSTRATEGI

Planstrategien er forankra i plan- og bygningslova § 10-1. *Kommunal planstrategi* som seier:

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.”

Plandelen i den nye plan- og bygningslova trådte i kraft 1. juli 2009. Med lovendringa vart krav om kommunal planstrategi innført som eit nytt verktøy:

BETRE OG MEIR BEHOVSSTYRT PLANLEGGING

Formålet er å klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp med eller vidareføre for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegging skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

VERKTØY FOR POLITISK PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å imøtekoma kommunens behov. Eit viktig siktemål er å styrkje den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriteras.

BETRE SAMARBEID OM PLANLEGGING PÅ TVERS AV KOMMUNE –OG FYLKESGRENSER

Kommunal planstrategi er ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innanfor arealplanlegging og tenesteyting.

KOMMUNAL PLANSTRATEGI ER IKKJE EIN PLAN


Kommunal planstrategi er soleis ikkje ein arena for å vedtaka mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

























Planstrategien er retningsgivande for kommunes planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar. Det kan ikkje fremjas motsegn mot kommunal planstrategi.

2. PLANOVERSIKT

 = Revisjon/rullering

 = Vidareføring

 = Ny plan

	2020	2021	2022	2023	Neste KS- periode	Kommentar
Overordna planar						
Kommuneplanens samfunnsdel 2016-						Arbeid startar 2. kvartal 2020
Kommuneplanens arealdel 2011-2023						Arbeid startar 1. kvartal 2022
Budsjett						Årleg
Økonomi- og handlingsplan						Årleg
Arealretta kommune- delplanar (KDP)						
Kommunedelplan (KDP) Rukkemo -Torvetjønn						Planlagd vedteken og heilt ferdig 1.kvartal 23
KDP Åmot						Oppstart 3.kvartal 23
KDP Haukeli -Edland						Vedteken 2019, vidareførast
KDP Vågslid						Vedteken 2019
KDP Rauland						Oppstart 2022, Reguleringsplan for sentrum revideres parallelt
Områdeplanar Vågslid						Fortløpande
KDP for stiar –og løyper 2016-2026						Rullerast i neste periode
Kommunedelplanar og andre sektorover- gripande planar						
Overordna beredskapsplan						Oppstart haust 2020
KDP Helse –og omsorg						Vedteken 14.09.17, ny rullering startar haust 2020

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020-2023						Vedtakaast vår 2020
Plan for helse -,sosial og smitteberedskap						Adm. Revisjoner gjort. Politisk handsaming 2021
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar av 2016						Vidareførast
Bustadpolitisk plan 2015-2018						Vidareførast
Bustadsosial handlingsplan 2011-2016						Oppstart haust 2020
Kommunedelplan for trafikksikring 2008 – 2015						Oppstart 2022
Verksemdplan SLT 2018-2021						Oppstart 2021
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv						Årleg revisjon av handlingsplan
Målbruksplan 2011						Vidareførast
Kommunedelplan for kultur 2012-2021						Oppstart 2020
Plan for klima og berekraft						Planlagd vedteken sumar 2020, handlingsdel reviderast årleg
Næringsplan						Oppstart 2021
Kulturminneplan						Rullerast 2021
Landbruksplan 2015-2019						Revisjon 2020
Sektorplanar –men kan gjelde fleire einingar						
Barnehageplan 2014 -2019						Rullerast haust 2020
Frå eldst til yngst						Rullert våren 2019
Erta, berta						Vidareførast
Språkplanen for barnehagar og skular						Rullert 2019
Plan for den kulturelle skule- og barnehagesekken						Rullerast haust 2020
Rammeplan for kulturskulen –mangfald og fordjuping						Tiltaksplan nyleg vedteke (haust 2019). Neste rullering tiltaksplan er 2021.
Strategiplan tilsynssakar						Rullerast ved behov (Tove, byggesak)

Beitebruksplan						
Hovudplan for vatn og avløp 2014-2020						Planlagt oppstart 2021
Hovudplan Veg 2015-2020						Planlagt oppstart 2021
Kommunikasjonsstrategi						Ny plan, årleg revisjon
Digitaliseringsplan						Ny plan, årleg revisjon
Beredskapsplan for Vinjebarnehagen						Ny plan
Forskrifter						
Forskrift for løypenett for fritidskøyering med snøskuter						Vedteken 2019
Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 av 2013						
Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr av 2012						Revisjon ved behov
Forskrift naudsynt motorferdsle i Vinjes del av HVN av 2010						Revisjon dersom revisjon av vernereglane
Forskrift om politivedtekt, Vinje kommune, Telemark av 12.06.2016						Revisjon ved behov
Forskrift om grensefastsettelse, Vinje kommune, Telemark og Suldal kommune, Rogaland av 13.11.1959						Revisjon ved behov
Forskrift motorferdsel for motorfartøy						Vedteken 2018, rullerast ved behov
Adresseforskrift for Vinje kommune						Vidareførast
Retningslinjer						
Kunstnarisk utsmykking av offentlege uterom av 2007						Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur
Utsmykking av kommunale bygg av 2007						Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur

Alkoholpolitiske retningslinjer for Vinje kommune 2020-2024.						Revisjon i samband med ny rusmiddelpolitisk handlingsplan

3. PLANSTRATEGIEN


Planstrategi er ikkje er plan, men har stor påverknad på kommunens planarbeid i gjeldande kommunestyreperiode.

3.1 TILHØVET MELLOM PLANSTRATEGI OG KOMMUNALE PLANAR

Kommunens oppgåver er lagt til kommuneloven, plan- og bygningsloven, forskrifter og nasjonale- og regionale føringar og politiske vedtak. Dei overordna planane vedtakast alle av kommunestyret, og det er avgjerande at planar under styringsdokumenta blir ein operasjonalisering av dei overordna dokumenta.

Ein delar det kommunale plansystemet i tre ulike nivå, i eit hierarkisk system:

1. Strategisk nivå med vurdering av behov for planrevisjon og kommuneplanens samfunnsdel og arealdel
2. Strategisk utdyping med kommunedelplanar, temaplanar, strategiar og område- og detaljregulering. Desse gjerast ved behov.
3. Prioritering av tiltak gjennom kommuneplanens handlingsdel, handlingsprogram og økonomiplan



Spørsmålet om rullering av samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen skal drøftast i den kommunale planstrategien.

3.2 RAMMER FOR PLANLEGGINGA

Det leggjast føringer frå internasjonale, nasjonale og regionale instansar.

3.2.1 INTERNASJONALE FORVENTINGAR

FN har utarbeidd 17 berekraftsmål som skal styrke den globale utviklinga, utjevne ulikhet i samfunnet og skape ei framtid som er berekraftig og speler på lag med naturen. Vinje kommune skal utvikle planar i kommunen i samsvar med FN's berekraftsmål.



Bærekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Måla skal vise vei mot en bærekraftig utvikling på kort og lang sikt.

3.2.2 NASJONALE FORVENTNINGAR

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Her leggjast det føringer for kva tema som skal vektleggast i den kommunale planlegginga. Desse handlar om:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og bærekraftig utvikling

- Vekstkraftige regioner og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å bo og leve

Regjeringa har bestemt at de 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i de største utfordringane i vår tid.

3.2.3 REGIONALE FORVENTNINGAR

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ein rekkje planar som legg føringar for korleis kommunar skal planlegge og kva fokusområder som bør vurderast.

Regional planstrategi 2020-2023 for Vestfold og Telemark fylkeskommune er under rulling.

Regional klimaplan med tilhøyrande handlingsplan legg opp til ein politikk som skal nå målsetninga vedteken i fylkestinget om 60 % reduksjon av klimagassar innan 2030. Dette er i ei auka målsetjing i høve til Parisavtalen (2016) med 20 %.¹ Planen er under rulling.

[Regional plan for berekraftig arealpolitikk](#) (RPBA)

[Regional plan for samordna areal og transport i Telemark](#) (ATP) 2015 - 2024

[Regional plan for Setesdalsområdet](#) med handlingsprogram og plankart

[Fylkesdelplan for Hardangervidda 2011 – 2025](#) med handlingsprogram og plankart

[Handlingsplan for universell utforming](#) (2019)

Øvrige planar finn ein her: <https://www.vtfk.no/meny/tjenester/plan/regional-planlegging/vedtatte-planer-og-strategier/>

3.2.4 LOKALE FORVENTNINGAR

Det ligg lokale føringar i tidligare vedtatte planar som skal omsyntakast.

[Kommuneplanens samfunnsdel](#) (2016-2026)

[Planstrategi](#) (2016-2019)

4. UTFORDRINGAR I KOMMUNEN – 2 HOVUDUTFORDRINGAR

Det fokuserast i planstrategien for 2020-2023 på 2 hovudutfordringar. Det er fleire utfordringar i Vinje kommune, men for å konkretisere og forenkla er det valt ut overordna utfordringar som det skal arbeidast med i tida som kjem. Det vil ikkje bli lagt inn tiltak, men generell informasjon rundt utfordringane. Tiltak kjem i eigne planar, og fleire av desse

¹ <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Miljoe-og-klima/Parisavtalen>

planane har eigne tiltaks- eller handlingsdelar. Desse lagast for å enklare måle resultat av tiltak, og for å enklare setje i verk nye tiltak utan for store rulleringar av planar.

4.1 KLIMA, MILJØ OG KLIMATILPASSING

Vår tids største globale utfordring er klimaproblematikk. Co² hentast opp i store mengder og sleppast ut i atmosfæren som fører til at me varmar opp jorda. Konsekvensane er auka grad av ekstrem nedbør, ekstrem tørke og auka risiko for sørpe- og jordskred. Det førar og til færre habitable område på kloden, som igjen fører til at folk flytter permanent for å ha moglegheit til å overleve. Dette tyder at Vinje kommune truleg må taka i mot klimaflyktningar^{2 3}. I staden for å fokusere aleine på å få ned utslepp, er det avgjerande for kommunens berekraftige utvikling at ein tilpassar planar, visjonar og idear til ein ny kvardag som ein veit kjem til å kome, og som ein allereie ser effektar av i dag.

Vinje kommune skal forplikte seg til å nå måla sett regionalt av Vestfold og Telemark fylkeskommune, som har vedteke 60 % utsleppsreduksjon innan 2030. Dette er utgreia i klimaplanen.

Vinje kommune må kartleggje vassdrag, elvar, bekkar, rasfare, handtering av overvatn og konsekvens og tiltak ved skogbrann. Me skal og sjå på moglegheitane som ligg i eit endra klima, med lengre vekstsesong, lågare temperatur og mindre snø.

Klima- og klimatilpassing er ønska inn i kvar enkelt plan, og vil over tid gje store effektar. Det er viktig å inkludere personar med kunnskap og kjennskap til klimaproblematikken og klimatilpassing i utarbeiding av planar som einingane gjer sjølve. På den måten kan ein enklare setje i verk tiltak som er tilpassa arbeidsstad, arbeidssituasjon, arbeidsmengde og realistiske målsetningar som einingane sjølve følgjer opp og er ansvarlege for.

Klimatilpassing handlar ikkje berre om lokale effektar av klimaendringar, men og av tilpassing til klimatiske endringar i andre land. Når verdas matproduksjon, og produksjon av ei rad andre naudsynte produkt går ned som følgje av klima, er det viktig at ein er budd. Det vil seie at me må tilpasse vårt samfunn til konsekvensane av klimaendringar i andre land.⁴

4.2 FOLKETALSUTVIKLING

² <https://nu.no/saker/klima/fakta-klima/2014/06/klimaflyktninger/> - 2014

³ <https://www.cicero.oslo.no/no/posts/klima/de-usynlige-flyktningene> - 2017

⁴ <https://www.vestforsk.no/sites/default/files/2019-10/R-KO-sluttrapport%20%281%29.pdf> – Side 5, figur 1

Vinje kommune skal leggje til rette for berekraftig næringsutvikling, med spesielt fokus på innovative, framtidretta løysingar. Dette gjer Vinje attraktivt i høve til innovasjon og næringsutvikling. Me må tørre å tenkje nytt, fordi Telemark som region er den med lågaste tal i relativ vekst i arbeidsplassar.⁵ Meir spesifikt for Vinje er tala noko betre, og tala visar at Vinje har positiv næringsattraktivitet, berre slått av Hjartdal av kommunane i gamle Telemark fylke.⁶

Distriktssenteret via Telemarksforskning laga i 2018 ein oppdatert rapport som heiter «*suksessrike distriktskommuner anno 2018*», der dei legg fram ein del grunnar for kvifor tilflytting og næringsutvikling i distrikta er betydeleg vanskelegere enn i meir sentrale strøk. Deira funn peikar på nasjonal sentraliseringspolitikk, dei unge sine bustadspreferanser, at næring i sentrale strøk ofte er næring i vekst, medan næringa i distrikta er næring i nedgang, til dømes landbruk. Ein må difor tenkje meir innovativt, og ikkje minst annleis i dei perifere kommunane enn i dei sentrale. Dei 10 kommunane med størst auke i folketal er i nærleik til dei store byane, medan dei med størst nedgang i folketal er kommunar som ligg perifert.⁷

Å auke innbyggartal er ei multivariabel problemstilling som krev ein rad tiltak og ei god, brei tilrettelegging. Det er avgjerande å ha nok arbeidsplassar, bustader og ha godt tenestetilbod. Arbeidsplassar avhenger av til dømes næringsareal, og ledige næringsbygg. Det er heilskapen som avgjer attraktiviteten som bustadkommune. Det underbyggast av førre rapport Telemarksforskning lagde om temaet, som nemner m.a. at:

- utvikling av stader er sterkt knytt til folka
- tilhøvet mellom bustadsattraktivitet, bedriftsattraktivitet og besøksattraktivitet skaper vekst
- det er heilt naudsynt med lokale kompetente og komplementære, tillitsfulle nettverk⁸

Kommunens handlingsrom ligg mellom faktorane bustadattraktivitet, bedriftsattraktivitet og besøksattraktivitet.

5. STATUS, DRØFTING OG PRIORITERING AV PLANAR OG PLANBEHOV

VURDERINGA AV PLANBEHOVET (§ 10-1 FØRSTE LEDD)

Kommunal planstrategi skal utformast etter behovet i den enkelte kommune. Det sentrale i paragrafen sitt første ledd er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringane av planbehovet. Første ledd viser til at denne vurderinga bør bygge på ei drøfting av

⁵ <https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/3504.pdf> Side 11, 1. avsnitt

⁶ <https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/3504.pdf> Side 16, avsnitt 3.

⁷ https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2018/10/Suksessrike-distriktskommuner-anno-2018_sluttrapport-sept-18.pdf Side 7, avsnitt 1 og 2

⁸ «Suksessrike distriktskommunar» TF-rapport nr. 303, 2012

kommunen sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Kommunen bestemmer sjølv innhaldet i vurderingane.

KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kommuneplanens arealdel trådte i kraft 01.09.2011. Det er delvis store spørsmål knytta til ein del av føresegnene i planen og det er ein aukande pågang frå innbyggjarar i høve til tiltak som ikkje er i tråd med formålet. Det er difor naturleg å rullere kommuneplanens arealdel i høve til kommunens utvikling.

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteken i kommunestyret 02.02.2017, og har ikkje behov for ein full rullering. Ein finn likevel at prioriteringar i samfunnet i dag endrar seg raskt, og ein revisjon av kommuneplanens samfunnsdel vil gi eit stort utbytte i høve til kommunens utviklingsarbeid.

REVIDERING AV PLANSTRATEGI 25.08.2021

Plan – og miljøutvalet ynskte ei revidering av planstrategien for å gjere endringar. Følgjande vart vedteke:

Plan- og miljøutvalet ber administrasjonen endre planstrategien slik at KDP Rauland og reguleringsplan Rauland sentrum blir framskuva. Utvalet ber og om at reguleringsplanen for Rauland sentrum blir utvida. Planstrategien elles blir teke til etterretning.

I tråd med vedtaket er rullering av KDP Rauland framskunda til 2022-2023. Revisjon og utviding av reguleringsplanen for Rauland sentrum må gå parallelt.

6. KJELDER OG REFERANSAR

Suksessfulle distriktskommuner – En studie av kjenntegn ved 15 norske distriktskommuner. Lars Ueland Kobro, Knut Vareide og Morten Hatling – 2012, TF rapport nr. 303. Lenke:

https://48vlp12642pa30ejq72t9ozh-wpengine.netdna-ssl.com/wp-content/uploads/2013/04/suksessrike-distriktskommune-tf-303_2012-cute-pdf1.pdf

Regionale planar frå fylkeskommunen: <https://www.vtfk.no/meny/tjenester/plan/regional-planlegging/vedtatte-planer-og-strategier/>

Regional analyse Telemark 2019 Næringsutvikling, befolkningsutvikling, attraktivitet og scenarier.

Knut Vareide, Kristine Persdatter Miland – 2019, TF rapport 495. Lenke:

<https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/3504.pdf>

Sluttrapport frå prosjektet «Samhandling for grønt skifte». Carlo Aall – 2019, Vestforsk nr 10. Lenke:

<https://www.vestforsk.no/sites/default/files/2019-10/R-KO-sluttrapport%20%281%29.pdf>

Artiklar

Natur og Ungdom, av Even Olai Østvik Mjaaland, 2014. Lenke: <https://nu.no/saker/klima/fakta-klima/2014/06/klimaflyktninger/>

CICERO, senter for klimaforskning, Astrid Arnslett, 2017. Lenke: <https://www.cicero.oslo.no/no/posts/klima/de-usynlige-flyktingene>

Internett

[Http://www.fn.no](http://www.fn.no)

[Http://www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

7. PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Forord

Planstrategien tok stilling til om gjeldande kommuneplan, eller ein del av denne, skal reviderast eller videreførast. Når samfunnsdelen skal reviderast, kan den etter pbl. § 10-1 siste ledd slåast saman med planprogrammet. Planprogrammet er eit prosesledande dokument, og skal utarbeidast når kommuneplanen reviderast. Etter endring av plan- og bygningsloven av 2008 skal planprogram og utarbeidast, sjølv om berre samfunnsdelen skal reviderast åleine. Planprogrammet skal på høyring og offentleg ettersyn i 6 veker etter kommunestyrets vedtak.

Planprogrammet legg føringar for gjennomføringa av planarbeidet. Den skal gjere greie for formål, tema, utgreingsbehov og hvordan arbeidet skal gjennomførast med blant anna høringsfrister og medverknadsprosesser.

[Plan og bygningsloven § 4-1. Planprogram](#)

Formål

Føremålet med planen er å skape ei føreseieleg, konkret og fokusdriven samfunnsutvikling i eit berekraftig og miljøvenleg perspektiv.

Målsetjing med arbeidet

Det vil i stor grad vere medverknadsprosessane som avgjer målsetjinga i arbeidet, og vegen vidare for å oppnå desse. Innbyggjarar vil gjennom medverknadsprosesser vere med å peike ut retninga kommunen skal gå, og gjennom dette arbeidet vil delmål og målsetjingar kome naturleg.

Rammer for planlegginga

Det er ei rekkje statlege retningslinjer, internasjonale føringar, regionale planar og lovverk som er styrande eller retningsgivande for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Internasjonale føringar

FN sine berekraftsmål er høgst aktuelle å arbeide ut i frå når ein skal utarbeide kommuneplanen samfunnsdel. Måla er utvikla av FN for å stimulere det globale samfunnet til å tenke berekraftig, miljøvenleg og framtidsretta.

<https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Nasjonale føringar

PBL §6-1 legg opp til at Kongen kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Gjeldande forventningsdokument er [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#), og er datert 14.05.19.

Regionale føringar

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ein rekkje regionale planar. Desse omhandler klima, samfunnsutvikling, samferdsel, næring, folkehelse og så vidare. Fylkeskommunen har ein eiga side med oversikt over alle planane i regionen.

<https://www.vtfk.no/meny/politikk/regionale-planer-og-strategier/>

Kommunale føringar

- [Kommuneplanens samfunnsdel](#) (2016-2026)
- [Planstrategi \(2016-2019\)](#)
- Planstrategi (2020-2023)

Status i Vinje kommune

Det vil innhentast kunnskap, informasjon og statistikk om Vinje kommune, og faktagrunnlag oppdaterast i høve til førre plan. Kunnskapen vil vere innhenta frå statlege instansar, forskning og det leggjast opp til ei spørjeundersøking blant innbyggjarar om ein finn at det er behov for det.

Det vil vurderas ein del ulike tema i planen som relevante, og desse er som følger:

- Klima og miljø
- Befolkningsutvikling
- Næringsutvikling
- Folkehelse
- Livskvalitet
- Arealbruk

- Overordna utvikling i kommunen

Planprosess

Gjennom planprosessen skal dei naudsynte undersøkingane og vurderingane vere utførte slik at planframlegget vert utforma på ein best mogleg måte. Det vert innhenta ekstern bistand dersom det er behov for det.

Forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i plan- og miljøutvalet. Frist for å uttale seg er 6 veker. Etter høyring og offentleg ettersyn skal planprogrammet vedtakas av plan- og miljøutvalet og kommunestyret.

Tidsplan / framdrift

Når	Tiltak
Januar 2020	Oppstart planprogram
Juni 2020	Planprogram til politisk handsaming
Juni-August 2020	Planprogram på høyring (6 veker)
August 2020	Planprogram endeleg vedteken i kommunestyret
August 2020	Medverknad: Handsaming ungdomsråd
August 2020	Medverknad: Handsaming eldreråd
August 2020	Medverknad: Folkemøte/digitalt folkemøte
September	Kommuneplanens samfunnsdel til 1. gongs handsaming
September-Oktober 2020	Kommuneplanens samfunnsdel til høyring og offentleg ettersyn
Oktober-November 2020	Kommuneplanens samfunnsdel til 2. gongs handsaming
November 2020	Kommuneplanens samfunnsdel til kommunestyret for endeleg vedtak
Desember 2020	Lysing av vedtak

Medverknad

Eit sentralt element i offentlig planlegging er gode informasjons- og medverknadsprosesser. I denne samanheng er medverknad meint med «*enkeltpersoners og grupperes rett til å kunne delta i og påverke avgjersleprosessar*»⁹. Medverknad er lovregulert gjennom plan- og bygningsloven:

[Plan og bygningsloven § 5-1. Medverknad](#)

Medverknad bør løysast på eit nivå som er føremålstenleg i høve til ønska resultat. Utover de lovpålagte krava skal det særleg rettes særleg medverknad mot born og unge.

9